

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT
(NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Dato	04.09.2023
Vår referanse	2023/63663-5
Dykkar referanse	2022/1708
Sakshandsamar	Bjørnar Tjoflot
E-post	Bjornar.Tjoflot@vlfk.no
Telefon	99100814

Høyringsuttale til oppdatert kunnskapsgrunnlag for Blåfalli Fjellhaugen kraftverk

Bakgrunn

Sunnhordaland Kraftlag (SKL) bad Olje- og energidepartementet (OED) i brev av 17.1.2022 om å gjenoppta behandlinga av Blåfalli Fjellhaugen kraftverk. OED har vidare bede NVE om å vurdere behovet for eit oppdatert avgjerslegrunnlag, ny høyring og ev. endringar i innstillinga om løyve til bygging av Blåfalli Fjellhaugen kraftverk. Opphavelag konsesjonssøknad vart sendt til NVE i 2014.

NVE har motteke oppdatert kunnskapsgrunnlag for Blåfalli Fjellhaugen kraftverk frå Sunnhordaland Kraftlag AS datert 5.5.2023. Det er dette oppdaterte kunnskapsgrunnlaget som no er på høyring.

Kulturminne

Vi viser til brev av 31.05.2023 der NVE ber om innspel etter oppdatert kunnskapsgrunnlag for Blåfalli – Fjellhaugen kraftverk i Kvinnherad og Etne kommunar. Seksjon for kulturarv i Vestland fylkeskommune har vurdert saka som regionalt kulturminnemynde.

Einaste endringa vedrørande kulturminne i det oppdaterte kunnskapsgrunnlaget er at Krokavatn bekkeinntak ikkje vert bygd og at vassføringa difor vert uendra i dette bekkeløpet. Dette er utelukkande positivt for tuftene som ligg ved sørenden av Vetrusvatnet.

Elles viser vi til dåverande Hordaland fylkeskommune sitt vedtak av 29.05.2015 (vår ref. 2015/3046- 7) og vedtakspunkta 7 og 8:

7. Det vert ikkje stilt krav om arkeologisk registrering, då potensialet for funn av automatisk freda kulturminne vert vurdert som lågt. Området er i stor grad påverka av utbygging frå før og røyrgater/vassoverføringar vil i all hovudsak gå i tunnel.

8. Dersom det i samband med gravearbeid vert avdekt automatisk freda kulturminne, må tiltaka justerast eller eventuelt leggjast fram for Riksantikvaren som rette dispensasjonsmynde.

Vi har difor ingen vidare merknader til oppdatert kunnskapsgrunnlag for Blåfalli – Fjellhaugen kraftverk.

Friluftsliv

Fylkeskommunen har ingen merknadar knytt til friluftsliv.

Vassmiljø

Grad av påverknad på fisk og ferskvatn vil vere den same som vart vurdert i 2014, med unntak av bekestrekninga ved Krokavatn der bekkeinntaket er tatt ut og påverknaden følgeleg er uendra

samanlikna med dagens situasjon. Fylkeskommunen har difor ingen avgjerande vassmiljøfaglege merknadar til det oppdaterte kunnskapsgrunnlaget.

Med helsing

Sølve Dag Sondbø
seksjonssjef
NPI - Grøn næringsinfrastruktur

Bjørnar Tjøflot
rådgjevar
NPI - Grøn næringsinfrastruktur

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Kopi til:

ETNE KOMMUNE	Sjoarvegen 2	5590	ETNE
KVINNHHERAD KOMMUNE	Rosendalsvegen 10	5470	ROSENDAL
STATSFORVALTAREN I VESTLAND	Njøsavegen 2	6863	LEIKANGER